

# ÅRSMELDING FOR STORD ELDRERÅD 2021

ELDRERÅDET SI SAMANSETJING:

Medlemer:

Tove Dypå Lunde (leiar)  
Nils Tore Gram Økland (nestleiar)  
Randi Helland

Varamedlemer:

Birger R. Larsen  
Tove Irene Garli  
Hans Emil Johansen

Politiske medlemer:

KST	Kristin Steinsland (V)	Øyvind Kyvik (H)
	Kåre Løkhammer (frå 01.12.21 då Steinsland fekk fritak)	
U-RHO	Sunniva H. Sande (Sp)	Brit D. Reksnes (Ap)

Sekretær: Haldis Lauksund

Møtestad: Formannskapssalen/Kommunestyresalen/Nettmøte

\*\*\* \*\*\* \*\*\*

2021 var eit uvanleg år for alle grunna koronaen og regjeringa sine restriksjonar. Tre av Eldrerådet sine møte vart gjennomført som fjernmøte, dei andre på Rådhuset. Det vart halde 9 møte, der det vart handsama og orientert om saker og planar som vedkjem eldre sine levekår. Dette var fordelt på 13 politiske saker, 22 referatsaker og 3 orienteringar.

## 1. POLITISKE SAKER

Nokre saker vert referert spesielt:

### Budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025

*Eldrerådet er klar over at det er ei krevjande oppgåve å laga eit budsjett i balanse når forventta inntekter ikkje gir rom for investeringar og driftsutgifter som til dels er heilt naudsynte og til dels svært ønskjelege. Då er det kommunestyret si oppgåve å prioritera det som er heilt naudsynt både på kort og lang sikt, og venta med det som er ønskjeleg.*

Positive element i budsjettet

*Eldrerådet meiner rådmannen prioriterer rett når han i budsjettet vil auka investeringane i velferdsteknologi, sidan det kan vera til glede og nytte for heimebuande eldre og uføre samstundes som det kan gi innsparingar i drifta utan at det går ut over tenestetilbodet. Det er også positivt at førebyggjande heimebesøk og frisklivscentralen vert vidareført, og at dag-rehabilitering og heimerehabilitering vert halde på same nivå som i 2021, sjølv om behovet nok er aukande. Like eins er det framtidsretta og heilt naudsynt at rehabilitering av 20 rom på Knutsaåsen og 32 rom på den gamle sjukeheimen vert fullført.*

Kritikkverdige element i budsjettet

*Eldrerådet vil på den andre sida sterkt kritisera at berre 5 nye sjukeheims plassar pr. år vert innfasa i økonomiplanperioden, og at investeringar i nybygde sjukeheims plassar i perioden fram mot 2030 ikkje vert signalisert. Fem nye plassar pr. år er for lite ut frå forventna demografiutvikling i kommunen.*

*Dette tyder at realistisk forventa auka utgifter innanfor pleie og omsorg ikkje er innarbeidd i økonomiplanen. Etter eldrerådet sitt syn er det uforsvarleg å vedta budsjettforslaget, når ein alt no er klar over at det årlege behovet for nye sjukeheims plassar dei neste ti åra langt overstig det talet på plassar som forslag til budsjett og økonomiplan legg til grunn.*

*Denne veiksskapen i budsjettframlegget vert forsterka ved at heimebaserte tenester er foreslått redusert med 4 årsverk og ved at driftsbudsjettet for Stord sjukeheim er redusert med 2,5 årsverk og for Knutsaåsen med 2,4 årsverk i høve til budsjettet for 2021.*

*Eldrerådet vil elles sterkt understreka at behovet for døgn- og heimerehabilitering langt frå er dekkja i Stord kommune i dag. Både med tanke på livskvaliteten til den einskilde og dei pårørande, og kommunen sitt samla driftsbudsjett innan pleie og omsorg, må rehabilitering aldri nedprioriterast.*

#### Detaljbudsjett utval for RHO, Økonomiplan 2022-2025.

- 1. RHO-utvalet bør vurderer om kr. 500.000,- til sjukeheimen og kr. 500.000,- til Knutsaåsen heller bør brukast til å styrka rehabiliteringstenestene.*
- 2. Eldrerådet vil peika på at tilbodet ved Leirvikstova er viktig førebyggjande og trivselsskapande tiltak for eldre på Stord. RHO-utvalet bør difor søkja å finna budsjettmidlar for vidare koordinerande hjelp ved Leirvikstova.*

#### Ny vurdering av eige produksjonskjøkken i Stord kommune (januarmøte)

- 1. Eldrerådet tilrår at ein førebur anbod for 1 år, med ekstern leveranse av middag frå 01.10.2021 med ev. opsjon på forlenging.*
- 2. Eldrerådet tilrår at ein parallelt førebur oppstart for produksjonskjøken med kok-server for pasientane på sjukeheimen med oppstart 01.10.2022, jamfør alternativ 4 i forstudien, med sikte på å starta opp med leveranse av kok-server også til Knutsaåsen omsorgs-senter seinare.*

#### Ny vurdering av eige produksjonskjøken ved institusjonane (oktobermøtet)

*Eldrerådet er lite nøgd med at kjøkenløyisinga på den nye sjukeheimen ikkje har den kapasiteten som var føreset.*

*Eldrerådet kan ikkje slå seg til ro med at eigenproduksjon av middag til institusjonane vert utsett og vurdert på ny når vidare sjukeheimsutbygging vert gjennomført.*

*Eldrerådet vil difor tilrå at ein startar opp med middagsproduksjon på sjukeheimen så snart som råd, og planlegg klargjering for oppstart ved Knutsaåsen parallelt.*

*Samstundes, og alternativt, bør kommunen vurderer om det alt no finst eigna lokale som kommunen sjølv eig, eller som kan leigast, der etablering av eit sentralkjøken kan finna stad.*

#### Kommunedelplan for Sagvåg og Litlabø – uttale

*Eldrerådet støttar målsettingane og tiltaka for å fremja folkehelsa og berekraftig utvikling i bydelen.*

*Eldrerådet har følgjande merknader:*

- 1. Kommunedelplanen bør visa til område i sentrum, nær sentrum og i utkanten av plan-området der ein ønskjer å skapa gode bumiljø for eldrerådet. Eldrerådet vil mellom anna peika på Buneset som stad for nye omsorgsbustader i Sagvåg.*
- 2. Det må stillast krav om at turveggar og sosiale møteplassar vert universelt utforma.*
- 3. Det må synleggjerast korleis eit kollektivt kommunikasjonsnett, til dømes med sjølvgåande elektriske bilar/bussar, kan fungera i området og knyta det saman.*

#### Planprogram for kommunedelplan for kultur

- 1. Eldrerådet støttar ønskje om ei eiga frivilligmelding og tilrår at kulturplanen tek opp temaet frivillig innsats innanfor kulturfeltet.*

2. Eldrerådet vil understreka at det er viktig at ny kulturplan omtalar biblioteket, kulturskulen, kulturminna, idretten og friluftslivet sin plass i ein heilskapleg kulturstrategi.

### Innspel til bustadsosial handlingsplan

Eldrerådet støttar målsetjinga for den bustadsosiale handlingsplanen om trygge og gode bustadar for eldre.

Eldrerådet meiner at for å nå dette målet må ein ta utgangspunkt i følgjande føresetnader:

1. Type bustadar

For eldre er det viktig å ha tilgang til mindre bustader med universell utforming og tilkomst.

2. Plassering

For eldre er det viktig at bustadane har lett tilgang til offentlege og private tenester og tilbod, anten i sentrum, eller nær gode kommunikasjonar. Dessutan er det viktig for eldre at bustaden ligg i eit godt sosialt miljø, anten sentrumsnært, eller bygd rundt fellesfunksjonar og felles tun.

3. Tiltak

Eit tiltak for å nå desse måla kan vera at kommunen samarbeider med bustadbyggelag. Vidare må kommuneplanen avsetja areal for bustader for eldre både i sentrum og i utkant.

Til slutt må reguleringsplanane for nye bustadområder leggja inn område for bustad for eldre.

Endeleg vil ulike servicetenester, som til dømes vaktmeistertenester, gjera det lettare for eldre å bu trygt heime lenger.

### Detaljregulering for Kårevik – varsel om planarbeid

Eldrerådet ser positivt på målsettingane til planen. Eldrerådet vil understreka at tilkomst til bustadane ikkje berre må vera trygg. Ein må vektleggja at den utvendige tilkomsten til alle bustadane må vera terskelfri og romsleg.

Eldrerådet vil tilrå når det gjeld bustadblokka at ein planlegg sosiale fellesareal inne og ute.

### Demensvenleg samfunn

I arbeidet med å utvikla eit meir demensvenleg samfunn, bør Stord kommune og Nasjonalforeningen for folkehelsen involvera Arbeidsgruppa for eit aldersvenleg samfunn i Stord kommune.

### Komersiell utleige av el-sparkesyklar i Stord kommune

Eldrerådet representerer ikkje ei aktuell brukargruppe for el-sparkesyklar. Eldrerådet representerer derimot ei gruppe som i særleg grad er brukarar av areal avsett for fotgjengarar; fortau, torg, gangvegar og opne byrom.

Det er ein føresetnad for trygg bruk av og trivsel på desse areala at dei har eit ryddig og oversiktleg trafikkbilete. Eldrerådet vil fraråde utleige av el-sparkesyklar og vil i tillegg peika på følgjande moment:

1. Erfaringar frå andre byar har vist at å blanda motoriserte køyrande og gåande trafikk ikkje fungerer godt – og el-sparkesyklar er eit motorisert køyretøy.
2. Politiet har helles ikkje kapasitet til å handheva nasjonale og lokale lover og forskrifter.
3. Ut frå den analysen av bruken av el-sparkesyklar i Oslo, som me finn i saksutgreiinga, er det vanskeleg å sjå at dette køyretøyet kan ha særleg nytteverdi i Stord kommune.
4. Eit nytt og strengare nasjonalt regelverk er i desse dagar sendt ut på høyring. Dette regelverket inneber ei innstraming i forhold til ny lov av 18. juni 2021.

Stord kommune bør difor ikkje opna for utleige av el-sparkesyklar no.

## Seniorprisen 2020

*Stord eldreråd vedtek å gje seniorprisen 2021 til Kristian Lunde*

*Grunngjeving:*

*Kristian Lunde har i mange år og på mange område vore ein ressursperson for dei eldre på Stord. Lunde er med i styret for både Stord Pensjonistforening og Venelaget for Hagerups-huset. Han stiller òg opp blant dugnadsgjengen i Parken.*

*Han har vore aktiv i idretten i Stord i alle år, i seinare år har han drive gubbetrimmen på Hystad skule. Lunde er ein JA-mann, finn alltid løysingar der me andre står fast.*

## **2. REFERATSAKER**

### Uttalelser frå årsmøtet i Pensjonistforbundet Hordaland

*Uttale til punkt om demente og personar med problem med kjøp av billett til kollektivtrafikk: Det er utvikla mange gode billettsystem for kollektivtrafikk i dag, men alle er basert på kjøp via smarttelefon. Stord eldreråd meiner at Skyss bør utvikla eit billettsystem som også opnar for kjøp av billetter i butikk, slik som Ruter har gjort i Oslo.*

## **3. ORIENTERINGAR**

- Status Heimbaserte tenesert ved einingleiar Gina Kittelsen
- Orientering om Fylkeseldrerådet sitt arbeid og samarbeidstema v/Kjellbjørg Lunde
- Presentasjon av Sunn Omsorg ved dagleg leiar Gunn Mehus

## **4. TILSKIPINGAR**

### Eldredagen 02.10.2021

Eldrerådet hadde som vanleg ansvar for den årlege Eldredagen i Stord Kulturhus. I planleggingsfasen vart det vurdert fortløpande om det var mogleg å gjennomføra arrangementet grunna korona. Endeleg vedtak vart gjort i samsvar med rådgjeving frå kommunelege I Lars Helge Sørheim. Tilskipinga vart gjennomført i samarbeid med L.eirvik Mannskor, Stordingane og Røde Kors Omsorg. Foredragshaldar var Magne Rommetveit: «Om livet på Stortinget i arbeid og fest». Senior-prisen gjekk til Kristian Lunde

Eldrerådet har evaluert dagen og oppsummerte med at dagen gjekk fint. Rådet merka seg at det ikkje var nokon frå avisene til stades.

## **5. PROSJEKTDELTAKING**

- Styringsgruppa Plan for rehabilitering, helse og omsorg 2021-2031 – Tove Dypå Lunde + arbeidsgruppa i innsatsområde 5: Kapasitet og tilgjenge
- Ansvarsgruppa for den kulturelle spaserstokken – Randi Helland
- Trivsels- og samarbeidsforum ved Stord sjukeheim og Knutsaåsen Omsorgssenter – Randi Helland
- Arbeidsgruppa for aldersvenleg samfunn på Stord – Nils Tore Gram Økland
- Arbeidsgruppa for byromsstrategi – Nils Tore Gram Økland

- Arbeidsgruppa for igongsetjing av aktivitet på Leirvikstova – Tove Dypå Lunde
- Prosjekt Styrking av digital helsekompetanse for seniorar – Nils Tore Gram Økland
- Prosjekt samhandling kring eldre og personar med kroniske lidingar – Tove D. Lunde
- Innbyggjarpanelet for Kommuneplanen – Tove Dypå Lunde
- Seniortråkk – Samfunnsdelen i kommuneplanen – Nils Tore Gram Økland, Randi Helland og Tove Dypå Lunde

## **6. ANDRE REPRESENTASJONAR**

Tove Dypå Lunde deltok på videokonferanse i regi av Vestland fylkeskommune 09.04.21 om regional plan for idrett og friluftsliv

Tove Dypå Lunde deltok på videokonferanse vedk. Fagdag om aldersvenleg samfunnsplanlegging i regi av Fylkesmannen i Vestland 30.09.2020.

Leve heile livet –konferansen 15.11.21 på Flesland i regi av Statsforvaltaren – Tove Dypå Lunde og Trygve Dahl

Eldrerådstreffet for Sunnhordland vart avlyst grunna koronasituasjonen.

Stord, 13. januar 2022

Tove Dypå Lunde  
leiar